



Gunn Mari Moberg er framleis på annanplass og kumulert etter nominasjonsmøtet søndag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Uskedelingen Gunn Mari Moberg er framleis på annanplass på Høgrelista etter nominasjonsmøtet som vart halde på AFA søndag kveld. Ho er kumulert etter med Arne Havnerås, som er ordførarkandidat. Fleire kumulerte er det ikkje.

Det er to kandidatar til frå Uskedalen, Steinar Kroka som nummer 17 og Knut Andre Sjøwall Eidsvik som nummer 24.

Møtet endra ikkje noko på forslaget frå nominasjonsnemnda. Havnerås skal vera med styret og supplera lista viss nokon trekkjer seg etter den sterke uroa som prega partiet før nominasjonsmøtet.

Om det blir eit nominasjonsmøte til den 4. mars og kven som endeleg skal representera Høgre på lista, gjenstår å sjå.